



Hellandhus AS
Rune Tyse Helland
Postboks 268 NESTTUN
5853 BERGEN

Referanser:

Dykkar:

Vår: 18/1809 - 18/20327

Saksbehandlar:

Larissa Dahl

larissa.dahl@meland.kommune.no

Dato:

25.09.2018

Godkjenning - igangsetjingsløyve - GBNR 24/27 utomhus, bruksendring av symjehall Sagstad skule

Administrativt vedtak. Saknr: 251/2018

Tiltak :

Ansvarleg søkjar har på vegne av tiltakshavar søkt om igangsetjingsløyve for heile tiltaket – bygningsmessige arbeid i samband med oppføring av bodar, sykkelskur og tilbygg til eksisterande symjehall, samt opparbeiding av uteoppholdsareal, på gbnr. 24/27 m.fl som omsøkt og vist på vedlagte situasjonskart og utomhusplan journalført motteke 13.09.18.

Vi viser til søknad med vedlegg, journalført motteke 13.09.18.

Rammeløyve i sak 18/1809 av 15.08.18 er gjeldande.

Ansvarsrettar:

Det har skjedd endringa av ansvarleg søkjar frå Fortunen Arkitektur AS til Hellandhus AS. Ansvarsrettar i saka går fram av erklæringar om ansvarsrett og gjennomføringsplan, journalført motteke 13.09.2018. Ansvarleg føretak står inne for at tiltaket vert utført i samsvar med krav gitt i eller i medhald av denne lova, jf. pbl kapittel 23.

VURDERING:

Nabovarsling:

Tiltaket er nabovarsla i samband m ed søknad om rammeløyve, jf . pbl § 21 - 3 . Søknad om igangsetjingsløyve inneheld ikkje endringar som gjer det naudsynt med ytterlegare varsling.

Lov - og plangrunnlag:

Det følgjer av pbl § 21 - 4 tredje ledd at løyve etter plan - og bygningslova kan delast opp i rammeløyve og igangsetjingsløyve. Sistnemnde «kan ikke gis før vilkår i rammetillatelsen er opp fylt, ansvarsrett er tildelt og kontrollomfang er avgjort (...). Igangsettingstillatelse kan deles opp.»

I rammeløyve datert 15.08.2018, saksnr. DS 167/2018, vart det blant anna stilt følgjande vilkår:

1. Seinast samstundes med søknad om løyve til igangsetting må det sendast inn revidert situasjonskart som viser at gangveg mot gbnr. 24/9 er teke vekk.

Postadresse

postmottak@meland.kommune.no
Postboks 79, 5906 Frekhaug
Besøksadr: Havnevegen 41 A
5918 Frekhaug

Kontakt

www.meland.kommune.no
Telefon +47 56 17 10 00
Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 98 36413
Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: www.nordhordlandskart.no

Ny situasjonsplan:

Det vart motteke ny revidert situasjonsplan den 13.09.18. Vilkår satt i rammeløyve av 15.08.18 er stadfesta.

Vedtak

«Meland kommune gir i medhald av pbl §§ 20-1 og 21-4 fjerde ledd løyve til igangsetting av oppføring av bodar, sykkelskur og tilbygg til eksisterande symjehall, samt opparbeiding av uteoppholdsareal, på gbnr. 24/27 m.fl som omsøkt og vist på vedlagte situasjonskart og utomhusplan journalført motteke 13.09.18, i samsvar med søknad med vedlegg journalført 13.09.2018.

Rammeløyve i sak 18/1809 datert 15.08.18 er gjeldande for tiltaket.

Tiltaket skal gjennomførast i samsvar med krav og vilkår gitt i eller i medhald av pbl, så fram det ikkje er gjeve unntaket.

Ansvarsrettar gjeld i samsvar med innsendte erklæringar og gjennomføringsplan journalført 13.09.2018.

Dei opplysningane om byggjetiltak og tiltakshavar som går fram av søknaden vert registrert i matrikkelen, jf. matrikkellova.

Igangsettingsløyve fell bort dersom tiltaket ikkje er sett i gong innan tre år, eller dersom tiltaket vert innstilt i lengre enn to år, jf. pbl § 21-9.

Saka er handsama og avgjort administrativt og i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til Fylkesmannen i Hordaland, jf. fvl §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl § 27b.

Gebyr for sakshandsaminga vert ettersendt. Gebyr for teknisk forvaltningsteneste er fastsett ved forskrift. Det er ikkje høve til å klage over ei forskrift, jf. fvl §§ 3, 28 og 40. Det kan difor ikkje klagast over at det vert kravd gebyr, eller over storleiken på gebyret. Det kan klagast over kva punkt i regulativet gebyret er rekna ut i frå. Klage skal vere grunngjeven.

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

Avfall

Alt avfall som tiltaket fører med seg skal leverast til mottak godkjent av forureiningsstyresmakta.

Kopi av Sluttrapport for levering av avfall skal sendast til kommune før mellombels bruksløyve/ferdigattest kan gjevast.

Ferdigstilling

Tiltaket skal avsluttast med ferdigattest, jf. pbl. § 21-10 og SAK § 8-1. Ingen delar av byggverket må takast i bruk før ferdigattest eller mellombels bruksløyve ligg føre.

Sluttdokumentasjonen skal vise at tiltaket er utført i samsvar med løyve og føresegner gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova. Om det er justeringar i tiltaket i høve til løyvet som ikkje krev søknad om endring, skal ansvarleg søkjar seinast ved søknad om ferdigattest sende oppdatert situasjonsplan og teikningar til kommunen. Ved søknad om ferdigattest skal søkjar stadfeste at høveleg dokumentasjon for forvaltning, drift og vedlikehald er overlevert byggverket sin eigar. I tiltak der det er krav om avfallsplan eller miljøsaneringsutgreiing skal sluttrapport som

dokumenterer faktisk disponering av avfall leggjast ved søknad om ferdigattest.

Med helsing

Anny Bastesen
sektorsjef teknisk

Larissa Dahl
Konsulent

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

korrigert gjennomføringsplan, 181809
Søknad om igangsettingstillatelse - GBNR 24/27
18204 Sagstad skule aktivitetshall - Ansvarsrett RIBR Konsept
DONAR AS - Ansvarsrett. Sagstad Skule
11835 Ansvarsrett 01 BF
Soeknad+om+ansvarsrett_el
Ansvar rørlegger
Rune Nordahl AS - ansvarsrett
Utomhusplan

Kopi til:

Haakon Anderssen Meland kommune	Postboks 79	5906	FREKHAUG
------------------------------------	-------------	------	----------

Mottakarar:

Hellandhus AS	Postboks 268 NESTTUN	5853	BERGEN
---------------	-------------------------	------	--------